

Program for

Stangvikfestivalen 2024

ONSDAG 24. juli

**Opningskonsert – Bøfjorden
sjøbruksmuseum kl. 19:00**

Brøøløy (Trygve Brøske og Marianne Meløy) tek for seg alt som finst i sjøbruksmuseet når dei raljerer i kjent stil i lag med andre festivalartistar. Det blir både gammalt og nytt fjas.

TORSDAG 25. juli

**Operakveld – Todalen ungdomshus kl.
19:00**

Internasjonale operasolistar og -pianist byr på operatiske opplevelsar med laus snipp i lag med salg av snacks og drikke.

Halvliter og kjellarmusikk – Bryå kl. 21:30

Festivalartistane gir oss flotte musikkstunder i dei nyrestaurerte kjellarlokala på Bondehuset i Stangvik.

FREDAG 26. juli

Kammerkonsert – Stangvik prestegard kl. 18:00

Vi blir kjent med festivalartistane sine spesialiteter i intimt format i Stangvik prestegard. Her er det ikkje mange plassar, så ver rask om du vil ha billett!

Kunstutstillingsopning – Galleri Bondehuset kl. 20:30

Årets festivalkunstnarar Guri Sandvik og Ebbe Arneberg opnar kunstutstillinga si med musikk frå festivalartistane.

Enok Monk & Balkan Brasserie – Bondehuset kl. 21:30

«Den ulovlege komboen» **Enok Monk** som består av bassist Erlend Smalås og akustisk rappar Trond Wiger står for første halvdel av denne kvelden. Etter pause får vi besøk av **Balkan Brasserie** – eit ensemble beståande av fem blåsarar, trommer, trekkspel og vokal. Dette elleville orkesteret tek oss med på ei reise til Balkan og formidlar musikk du finn på sigøynerlandsbygda på Balkan.

LAURDAG 27. juli

Familieforestilling: «Balkanika!» – Prestegarden kl. 14:00

Årets familieforestilling er «Balkanika!» av og med trekkspelaren Jovan Pavlovic og vokalisten Anne Fossen. I Hellas ropar dei Opa! I Serbia heiter det Ajde! Korleis seier du «du er søt» på romani? Kva syng dei i Bosnia når dei ikkje får sove? Korleis ville

det høyrast ut visst Knutsen og Ludvigsen
var fødd i Russland? Går det an å gifte seg
utan sko? Og kor fort kan ein da danse??
Og når må eigentlig trekkspelarar legge
seg? Kom til familieforestillinga
«Balkanika!» for å finne det ut.

Fiskesuppe – Bondehuset kl. 16:00

Tradisjon tru blir det salg av fiskesuppe
med fisk frå Stangvikfjorden. Vi
oppfordrar til å komma i god tid for å få
plass!

Artist talk – Galleriet Bondehuset kl. 17:00

Brit Dyrnes og årets festivalkunstnarar gir
oss eit djupdykk inn i kunstens verden.

Kyrkjekonsert – Stangvik kyrkje kl. 18:00

Stangvikfestivalen er glade for å ha Stangvik kyrkje som konsertarena, også under årets festival. Kyrkja er den største på Indre Nordmøre, og er ei flott og mykje bruka konsertkyrkje med ettertrakta akustikk og god plass til publikum. Vi får høyre meir av Jovan Pavlovic, Erlend Smalås, Trond Wiger og fleire av festivalartistane i ei litt anna, meir høgtideleg setting.

«Om folk» – Bondehuset kl. 21:00

Korleis er vi folk? Kva forventningar har vi til kvarandre og livet? Og er det forskjell på kjønn? Laurdagskvelden i Bondehuset blir fylt av festivalartistar som gir oss ein underhaldande kveld med finurlege undertonar. Her blir også årets bestillingsverk av komponist Eva Holm Foosnæs, «Kvinneguiden», presentert.

SØNDAG 28. juli

Kaffekonsert – Bondehuset kl. 13:00

Ein formiddagskonsert med kaffe og kaker i Bondehuset. Instrumentalistar og songarar gir musikalske stunder som passar ekstra godt til kaffekoppen.